Vestmannen

Nr. 10 Bergen, 20. desember 2001 17. årgang

Åsbjørn Selsbane

Av Trygve Orheim



Teikning: Trygve Orheim

Han var som ein fjellbekk på veg mot havet
To verdfulle kjelder fann kvarandre,
under vårkveldens signande vengjer.
Eit nytt krigar-emne vart til.
Med båe ætters blod strøymande
gjenom sine årar, i pakt med vår og vilje.

Men morgonljoset, dette fantastiske element,
kunde med sitt klåre syn, so mangt og mykje sjå.
Ogso inn i framtida til Åsbjørn -
--høgstedags og kveldshimmelen, straks etter---!!!

Og dette ljoset, som i sin visdom so mangt fekk sjå;
sveipte varsamt om guten eit lett skoddeteppe.
Som eit symbolsk vern, vinkande fram til dagen,
då hans blåe kjortel vart farga raud---.

For Åsbjørn var av lagnaden utvald til å vera med,
å forma landet si soge, på forunderleg vis---.
Men likevel, etter tida si oppskrift,
storma fram med sverd i hand og felte Tore Sel.
Denne kongen sin treiske træl,
som med Judas buande i sitt medjattande lynne;
kasta skam og vanære over Åsbjørn.

Og dette hemna Åsbjørn, sjølvsagt,
rett framfor kongen som sat til bords,
i ovgjævt drikkar-gilde.
Dette gav Åsbjørn dødsdom, men til slutt nåde,
På vilkår som, hardt røynde æra til domfelte.

Men der låg elles noko vulkansk under denne nåden.
Framtvinga som den var i mektige morbror Erling
Skjalgson sitt mann- og våpensterke nærvær.
Og berre morgonljoset med sine framsynte evner,
visste kva som vidare vilde henda.
Det var høgstdags for Åsbjørn si livsferd.

Til næste sida...

Ordtøkjet

Visdomen kann ein dylja,
men Dårskapen ikkje.
Etter Ivar Aasen

I dette bladet

Åsbjørn Selsbane	s. 1
Kommunikasjon og målsak	s. 3
Normannarane	s. 4
Ytre symbol hev større verknad	s. 5
Horats i Noreg	s. 6
Dikt av Horats og Vinje	s. 7
Ein time ved fyret	s. 8
Raudreven	s. 9
Sogebilæte	s. 10
Linux - fridomen til å velja	s. 11
Vinjebiografi	s. 13
Stein under fuglefot	s. 14
Eit straumvende i noregssoga	s. 15
Strid um strekar	s. 16

Elles småstykkje og ymse faste innslag

Åsbjørn Selsbane... *frå fyrre sida*

Og slik var kongens dom,
framskimrande gjenom tidenes prent
og gjengjevarane sine tankar og tru:
«Eg byd deg i pakt med lova å ta Tore Sel sin plass
som styrar av denne garden.
Og som du har bede om skal du fyrst få fara heimatt
og rettleida med eigedomane dine på Trondanes.
Men det segjer eg deg, bryt du denne avtalen,
skal du frå då av vera kvar manns niding!!!»

Herleg var heimkoma for Åsbjørn, då med tilnamnet Selsbane.
Men mindre herleg vart fyrste møte med farbror Tore Hund, som sa: «Skammeleg var fyrste ferda di,
då du let Sel-Tore røva frå deg kornlast og ditt vakre segl.
Men verre var den siste: Då du tok deg denne skarven sin plass og vart kongens træl.
Nei, hald deg no her på eigedomane dine.
Og me, dine frendar, skal hjelpa deg».

Til dette sa Åsbjørn ja. Og ille var det,
for farbror Tore kunde ikkje verja han
mot fylgjene av brotet på avtalen med kongen.

Som arta seg slik: Det var lett bris.
Sakte nærma dei seg kvarandre, dei to skipa.
Millom bratte berg i eit trangt sund.
Det eine var Åsbjørn sitt, som han sjølv styrde.
På det andre var der to karar, som var på ferd,
til kongen, for å gå i hans teneste.

«Sjå der, Selsbanen sjølv sit og styrer, i ein blå kjortel»,
sa den eine. Medan den andre mælte:
«Eg skal gjeva han ein raud kjortel.»
Han kasta spjotet sitt mot Åsbjørn.
Og lagnaden sjølv styrde dette kastet---
Det gav han ein raud kjortel
og eit sløkkt livsljos. Fjellbekken nådde havet. Det vart kveld.

Moder Sigrid, med skjalgsonblod i sine årar
og tunge sorger i sinn, ikkje minst den siste!
Ho fekk spjotet, som hadde fått namnet «Selshemnaren»
i si tenkjande varetekt---
---ho hadde sjølv bede sonen bryta kongslovnaden.

I denne tunge tid kom svoger Tore Hund på vitjing.
Mangt rødde desse to om: Hovdingen Tore frå Bjarkøy
og enkja etter bror hans, den vyrdelege Sigrid frå Sole.
Truleg var det mykje ålvor i samtalen.
For når Tore skulde fara, gav Sigrid han Selshemnaren som gåve, med fylgjande ord:
«Her er spjotet Åsbjørn vart drepen med, det skal du få.
Og det segjer eg deg: Slepper du det ikkje or hendene
slik det hamnar i bringa til Olav Digre,
skal du vera kvar manns niding». So skildest dei.

Sigrid fekk det som ho vilde. Og det i den største,
og blodigaste hending til då, i norderlanda:
slaget på Stiklestad.
Der eit heilag-menne reiste seg or ein sundhoggen kropp,
Til sigersglans i all æva.

Underleg er lagnaden sine vegar.

Vestmannen

ynskjer lesarane ei
god jol
og eit hjartans
godt nyår

Vestmannen

Vestmannen kjem med 10 nummer i året
Bladpengar: 150 kr for året
Studentpris: 100 kr

Kann tingast på poststader og frå Vestmannen ved bladstyraren.

Postgiro: 0802 4 25 63 92
Bankgiro: 6504.10.12484

Utgjevar:
Vestmannalaget v/ Bjarne Storheim
5938 Sæbøvågen
Tlf. 55 57 10 71

Tilskrift: Vestmannen, Lars Bjarne Marøy, Glåmlidvegen 17, 2213 Kongsvinger
Internet: http://vestmannen.sambandet.no

Bladstyrar:
Lars Bjarne Marøy
Glåmlidvegen 17
2213 Kongsvinger
Tlf. 62 81 43 95

Rekneskapsførar:
Helge Liland
Nattlandsvegen 80 B
5094 Bergen

Prenta hjå:
Nytrykk as
6143 Fiskåbygd
Tlf. 70 02 13 07
www.nytrykk.no

VESTMANNALAGET

Formann Jon Askeland, tlf 55 58 93 03
Epost: Jon.Askeland@sfu.uib.no

Skrivar: Harald Linga, Kringlebotn 267, 5223 NESTTUN

24. januar:
Kjartan Fløgstad talar um "løyndemålet".
14. februar:
Vidar Lehmann talar um arbeidet med veteranbåtar.
14. mars:
Årsmøte i Vestmannalaget.

Målsak og kommunikasjon

Målet er er meir enn ein bodskapsformidlar. Målet skal nyttast til meir enn berre kommunikasjon. Dette hev vorte eit dogme i målrørsla. Det kann vera mykje vitugt i ei slik utsegn. Men det er òg grunn til å gå den illgjetne kommunikasjonen nærare etter i saumane.

Kommunikasjon vil vel segja at ein hev kontakt med menneske. Med kontakt vil vel mange meina at ein fær respons på det ein segjer. Den viktigaste eigenskapen ein samtalepartnar kann ha, er ikkje å vera god til å tala for seg, men å vera god til å lyda og å vera god til å koma med dei rette spursmåli. Dei spursmåli som gjev den han talar med høve til og hug til å leggja ut um det som han er forviten etter.

På same måte som det er på det individuelle planet, må det vera når ein skal ordskiftast um målsak eller andre spursmål med folk: ein må vera god til å lyda og vera god til å koma med dei rette spursmåli.

Det er evna til å taka upp dei fundamentale spursmåli og fanga upp sentrale spursmål som set tenkjingi til folk i eit godt søkjeljos som sermerkjer klassikarane i målrørsla. I serleg stor mun gjeld det Ivar Aasen. Han visste å fanga upp dei grunnleggjande spursmåli og han kunde dryfta dei med kløkt. Det er

difor so mange vil taka Aasen til inntekt for seg sjølv.

Men det viktigaste Aasen gjev oss som lever i dag, er ikkje tilfang og svar til dei som vil argumentera for målsaki. Han gjev oss i langt sterkare grad dei sentrale spursmåli. På same måte som Gustav Indrebø hev gjort i ein seinare bolk av målsoga.

Dei som vil diponera nye svar med bakgrunn i gamle svar kjem ikkje vidare. Dei som vil stella spursmål um korleis nynorsken stend seg i dag med utgangspunkt i statistikk og kvantitative mælestavar finn ikkje svar som peikar framyver.

Spursmåli må snarare knytast til korleis folk upplever mål og kvifor dei upplever målet slik. Det er dette klassikarane visste og som dei tok utgangspunkt i. Altfor ofte hev me sét at målfolket hev klynga seg til autoritetar som skal gjeva dei dei rette svari. Denne trongen etter å klynga seg etter autoritetar er skyneleg, men ikkje mindre kann han lastast. Er det ikkje rettare å gå til kunnige folk som ikkje hev gjort seg upp nokor avgjord meining og stella dei spursmål som kann gjeva målfolk nye innsyner og ny kveik?

Men skal ein få kunnige folk til å koma med meiningsfulle svar må ein stella gode spursmål. Det heiter seg at ein dåre kann stella spursmål som ikkje ti vise menn kann svara på. I staden for å klynga seg til leidarar og autoritetar i målrørsla, bør målfolk stella glupe spursmål til folk utanfor målrørsla. Målreising og målsak handlar um kommunikasjon med andre enn oss sjølve.

Me må frigjera oss frå det sekteriske og segregerande og opna oss for nye tilskundingar og tildriv. Det er den som veit at han ikkje veit som er den meste kunnige.

Lars Bjarne Marøy

Normannarane

Av John Færseth

«Gange-Rolv fór sidan vest yvi have til Sudrøyane, og derfraa fór han vest til Valland og herja der og fekk eit stort jarlerike der, og bygde de mykje med nordmenn, og de heiter no Normandi. Av Rolvs ætt er jarlane i Normandi komne. Son hans Gange-Rolv heitte Vilhjalm, som var far hans Rikard, som og hadde ein son som heitte Rikard, som var far hans Robert Langspade, far til Vilhjalm Bastard, som vart konge i England. Fraa honom er sidan alle dei engelske kongane komne.»

Dette skriv Snorre Sturlason um Gange-Rolv, son til Ragnvald Mørejarl, og etterkomarane hans. Jamvel um dei var fåe, sette normannarane, som dei vart kalla, store merke etter seg i millomaldersoga.

Som Snorre fortel, vart Normandi bygt av skandinaviske vikingar leidde av Gange-Rolv, eller Rollo, som han vart kalla på fransk. Etter å ha herja franskekysten i mange år fekk han til sist Normandi i len av den franske kongen Karl den fåtenkte, mot å verja landet mot nye vikingåtak. Det vert fortalt at han neitta å bøygja seg og kyssa foten på den duglause kongen; i staden lyfte han honom upp so kongen datt bakyver.

Endå um normannarane snøgt slo seg til ro i det nye heimlandet og gjekk yver til å tala si eigi form for fransk, hadde dei lenge mykje av vikingarven og utferdstrongen i seg. På same viset som andre stader i Europa var det slik i Normandi at berre eldste sonen ervde jordeigedomar; yngre søner fór difor ut og tok seg land andre stader. Normannarane heldt òg uppe den norrøne skikken med å landlysa lovbrytarar, og det fekk mange til å søkja lukka i andre land. Mange normannarar vart leigesoldatar i det bysantinske eller austromerske riket, som på den tida var herja av både tyrkar og ymse tronkrevjarar, men det varde ikkje lenge fyrr dei gjekk leid av å kjempa for andre. Ein av desse leigesoldatane, Roussel av Baileul, nytta seg av dei kaotiske tilhøvi i Litleasia til å taka seg eit eige rike i Amasea, lengst sud i det som no er Tyrkia.

Ein annan normannisk lukkefreistar var Tancred av Hauteville, som skapte seg eit lite fyrstedøme i Apulia, på «hælen» av Italia, tidleg på 1000-talet. På denne tidi var Sud-Italia skift millom det bysantinske riket, dei germanske langobardane og dei sjølvstendige bystatane Napoli, Gaeta og Amalti, og på Sicilia rådde arabarane. Sonen til Tancred, Robert, som vart kalla «Guiscard» eller «Røyskatten», lagde under seg heile Italia sud for Napoli. Det var lite den bysantinske keisaren kunde gjera med dette; han var uppteken med tyrkane i aust, og i 1059 krynte pave Nikolas Robert Røyskatten til «hertug av Apulia og Calabria og, dersom Gud vil, av Sicilia». Millom 1060 og 1071 greidde han å leggja under seg Sicilia òg.

Same året som Palermo fall, fall Bari òg, den siste bysantinske byen på fastlandet. No vende Robert Røyskatten seg austetter: han vilde leggja under seg heile det bysantinske riket, men han døydde medan han hersette den greske byen Cephalonia. Etterfylgjarane, broren Roger 1. og brorsonen Roger 2., som kalla seg konge av Sicilia, konsolidera landevinningane hans til eit sterkt rike, og lagde etter kvart under seg både Malta og luter av Nord-Afrika.

Normannarane i Sud-Italia og Sicilia var ikkje berre krigarar og landevinnarar. Alt Robert Røyskatten gjorde ein innsats for lærdom og vitskap ved å grunnleggja ein vidgjeten lækjarskule i Salerno, og etterfylgjarane hans grunnlagde mange universitet både på Sicilia og på fastlandet.

Den staten normannarane skapte på Sicilia og i Sud-Italia var einestående etter millomalderske tilhøve. Midt i krosstogstidi livde her gresk-ortodokse og katolikkar, jødar og muslimar, fredeleg saman. Både Roger 1. og 2. var sers tolsame. Det vert sagt at då slottet i Palermo heldt på å ramla saman i eit jordskjelv, gløymde ein av dei arabiske hoffmennene seg og ropte på hjelp frå Allah. Full av redsla uppdaga han at den kristne kongen stod like i nærleiken og hadde høyrt alt saman. Men kongen roa honom med ordi: «Kvar og ein lyt få kalla på den skapningen han trur på». På høgskular og akademi underviste lærde menner frå alle religionar, og det fanst både menner og kvende millom studentane.

Den mest kjende normannaren var nok Vilhjalm 2., den sette hertugen av Normandie, som vart konge i England òg. Far hans, hertug Robert, skal ha vore ein uvanleg brutal herskar; han vart millom anna skulda for å ha forgifta bror sin, Rikard 3., so han skulde verta hertug sjølv. I millomalderlitteraturen vart han kalla Robert Djevelen; det vart endå sagt at far hans slett ikkje var hertug Rikard 2., men djevelen sjølv, som mori skulde ha møtt på ein heksesabbat. Robert skal likevel til sist ha angra syndene sine, og han gjorde bot med å fara på ei pilegrimsferd til Jerusalem, der han døydde på heimvegen. Son hans, Vilhjalm, som var åtte år gamal då, vart teken til hertug jamvel um han var eit lausingbarn, og mori Arlette berre var dotter til ein garvar.

I England hadde danske vikingar under Knut den mektige og sønene hans rådt frå 1013 til 1041, og i desse åri hadde Edvard, ervingen til dei gamle engelske kongane, livt i Normandi. I hoffet til Robert Djevelen hadde han fenge mange normanniske vener, som freista å hjelpa honom til makti fleire gonger. Året fyre han døydde hadde Robert jamvel freista å taka England med hermakt og setja Edvard på trona, men han hadde lote gjeva upp av di floten han hadde samla vart øydelagd av storm.

Då Edvard endeleg vart konge,

fekk dei normanniske venene hans stor makt i England, og då Vilhjalm vitja honom i 1051, fekk han lovnad på å erva riket. Likevel, då Edvard døydde i 1066 vart ein engelsk stormann, Harald Gudineson (Harold Godwinson på engelsk), teken til konge. Det vart sagt at Edvard hadde skift meining i siste stund. Vilhjalm svara med å krevja «gudsdom», det tyder å lata saki prøvast i kamp. 14. oktober 1066 fall Harald i slaget ved Hastings, og so vart Vilhjalm krynt til konge.

Mange normannarar fylgde med Vilhjalm, attåt dei som alt hadde vore med Edvard, og desse vart lønte med store jordeigedomar. Dei fleste heldt på landi dei hadde i Normandi attved, og slik gjekk det til at Normandi og England etter kvart smelte saman til eitt rike, der både kongen og dei fleste adelsættene heldt land på båe sidor av kanalen.

Normannarar var med i krosstogi òg, so mange at ein sogegranskar hev kalla desse krigstogi for «kristne vikingtokter». Dessutan gjorde dei seg til herrar i millomausten; ein av dei mest kjende var Bohemond av Taranto, som vart konge i Antiokia, no ein by sudaust i Tyrkia.

Den normanniske gullalderen heldt fram med keisar Fredrik 2., dotterson til Roger 2., som var konge av Sicilia òg. I hans tid var Palermo eit senter for dikting og musikk, der grunnen vart lagd for mykje av den seinare italianske litteraturen. Men etter at han døydde gjekk det snøgt nedetter: paven, som han hadde kjempa mot heile livet, gav Sicilia til Karl av Anjou, som var bror til den franske kongen Ludvig den heilage og ein fanatisk katolikk. Den sekstan år gamle Konradin, som var den siste av ætti, vart halshoggen på torget i Napoli. Seinare vart riket bytt millom Frankrike og Spania, og i båe tilfelli vart dette slutten på den einestående normannisk-græsk-arabiske kulturen. No stod Sud-Italia i stade både kulturelt og økonomisk, og vart etter kvart ein av dei fatigaste lutene av Vest-Europa.

I England rådde normannarane i mange hundrad år; på mange måtar kann ein vel segja at dei råder der enno, med di dronning Elisabeth 2. er etterkomar av Vilhjalm Landevinnaren, ho òg. Men sjølve Normandi gjekk tapt med dei hundradårslange krigane hertugane og kongane kjempa mot lensherren sin, frankarkongen. Desse krigane leidde òg til at normannarfransk vart dårleg likt med di det var målet åt fienden, og difor vart engelsk riksmålet i England att. Normannarar og engelskmenner smelte saman og vart smått um senn eitt folk.

Moderne engelsk hev likevel halde på mange normanniske ord, og på offisielle middagar ved det engelske hoffet er matsetlane trykte på normannarfransk enno i dag. Og høgtidelege kunngjeringar opnar enno med det gamle ordet «oyez», som tyder «høyr alle» eller «sanneleg segjer eg dykk». Og sameleis er ein liten lut av det gamle Normandi under den engelske kruna enno, det er kanaløyane, som ikkje vert rekna for å vera ein lut av Storbritannia. Både der, so vel som i England, Normandi, Italia og Sicilia, minner slott og katedralar um den tidi då normannarane var herrar i store luter av Europa.

Brevskriving

Yngre nynorskingar skriv ofte privatbrev på bokmål, stod det i avisone nyleg.

Me legg godviljen til, og trur at desse nynorskingane nyttar bokmål i brevbyte med bokmålsbrukarar og utlendingar som berre har lært å skyna det søraustlandske riksmålet. Nynorskingar flest er som kjent laglege, vyrdslege, imøtekomande og høviske, jamvel so finslege at dei i sume statistikkar vert førde upp som... - akkurat: som bokmålsbrukarar.

Trygve Lande

Ytre symbol hev større verknad enn tome ord

Av Trygve Lande

Under den tyske okkupasjonen 1940-45 bruka jøssingar nisseluver og binders til symbol på norsk motstand mot makthavarane, som på si sida hadde hakekrossen til sitt merke.

Mange som demonstrera mot krigen i Vietnam i 60- og 70-åra bar merke med form og farge som det vietnamesiske flagget.

SV-arar som brukar palestinaskjerf og dongeri i Stortinget, fær lagtingspresident Lodve Solholm (Frp) til «å grøsse», skriv Dagbladet, og siterar samstundes Holmås: «Folk skal se forskjell på en ung SV-er og en ung Høyre-mann. Det er også greit at SV-jentene ser mer ungdommelige ut enn de draktkledde Høyre-jentene».

Dei siste tjuge åri hev samane gjort seg meir sjølvstendige og teke sitt eige flagg i bruk. Bokmålsfolket hev òg, liksom andre frie folk, sine nasjonale symbol, slik som det raude, blå og kvite bokmålsflagget, nasjonalsongen «Ja, vi elsker» og ikkje minst den klassiske bokmålslitteraturen. «Hva er Norge uten Ibsen?» skreiv Agnar Mykle og Bjørneboe.

Nynorskfolket sine nasjonale symbol ser ut til å vera folkeviseleik, bunader, dialektar, folkeminnevitskap, europeisk modernisme frå Namdalen, Telemark og Hardanger, hardingfeler, men fyrst og fremst Norsk språkråd. Det nynorske flagget, nasjonalsongen «Gud signe Norigs Land» og klassikarane Ivar Aasen, A. O. Vinje, Garborg og Gustav Indrebø er framleis for fårlege til nynorske nasjonalsymbol. - Nynorsk trugar ingen, segjer Valgerd Svarstad Haugland til Dag og Tid. Alt av bokmål vil trygt sitja, jamvel i dei nynorske kjerneumrådi.

Horats i Noreg

Av Johannes Gjerdåker

I København på Johan Herman Wessel og Johan Nordahl Brun si tid var Horats dyrka i det norske studentmiljøet. Edvard Storm sette om ein bundel av odane til danske vers, stilreint og fint, men ein kan sjå det som eit tap at han ikkje dikta dei opp att på målet me kjenner frå dølavisene hans. Hans Hanson (1777-1837) frå Larvik gjekk ikkje på latinskule og studerte ikkje ved Universitetet, men han lærde seg latin og vart kjend med Horats. Gjenom arbeidet sitt i tømmerhandel kom han til bygder i Telemark og lærde telemålet. Hanson sette om til telemarksdialekt to av odane til Horats. «Den som støtt er grei, som ingjen mann bedreg» (I,22), og «Den tid du Astrid så mykje heldt tå meg» (III,9). Hanson førde dei to kjende odane over til norsk miljø, med norske folkenamn og norske stadnamn. Versemål og takt la han om i samsvar med tonane han dikta dei til. Dei to dikta til Hanson er vakre, anten dei er lesne eller sungne, og dei har vore folkekjære i snart to hundre år.

Ein annan nordmann som atterdikta nokre odar av Horats på dansk, var Conrad Nicolai Schwach (1793-1860). På latinskulane i Noreg, som i andre land, las dei mykje av Horats gjenom tida fram til det moderne gjenombrotet ikring 1860, men den som kanskje mest av alle nordmenn tileigna seg Horats og gjorde han eitt med seg, var Ivar Aasen (1813-1896). Som kjent er, gjekk ikkje Ivar Aasen på latinskule, og han studerte ikkje ved Universitetet, men i 1839 fører han inn i dagboka mot slutten av året, under overskrifta «Læst i 1839»: «Anden Deel af Horats (ved Baden)». Horats: «Samtlige værker» I-II vart utgjevne av Jacob Baden i 1792-93. Når Aasen skriv at han i 1839 har lese andre del av Baden si utgåve av Horats, må ein gå ut frå at han har lese fyrste delen tidlegare, utan at det er kome med i oversynet over det han har lese. Det er i fyrste delen av Baden si utgåve epodane og odane står, og det er grunn til å tru at det er dei Aasen mest har lese av Horats. Diktet «Gamla Voner» frå 1859 har mykje sams med den andre epoden («Beatus ille») av Horats. Dagbøkene til Aasen i Reidar Djupedal si utgåve viser at Aasen nokre gonger gjenom livet kjøpte nye utgåver av Horats. Desse bøkene står òg innførde i Kaare Haukaas sitt bibliografiske oversyn over bøkene som Ivar Aasen åtte. Interessa og gleda ved Horats må ha byrja alt då Aasen var hjå presten Thoresen i Herøy, og varde så lenge han levde.

Aasmund Olavsson Vinje (1818-1870) gjekk i vaksen alder på skulen til gamle Heltberg, som gav framifrå latinundervisning, men læretida var kort, og Vinje kan ikkje ha lese mykje av Horats i skuletida. A. O. Vinje fekk med åra sterk hug til å lesa romersk og gresk dikting, slik som han klårt seier frå om i diktet «Attende til Antikken». I Dølen tok han i tre av utgåvene i ein årgang på 1860-talet inn odar av Horats, nyst utgjevne på svensk. På den eine sida viser dette kor open Vinje var for svensk mål og svensk dikting, på den andre sida gleda ved Horats. Det er ikkje tale om tekstoverføringar frå Horats til Vinje, men vel mogeleg er det at den sjuande oden i fjerde samlinga av Horats, «Diffugere nives», har vore med og gjeve inspirasjon til «Våren» av Vinje (sjå næste side).

Poul C. E. Holmsen (1841-1892) omsette 25 odar og kvadet til sekularhøgtida av Horats. Dikta er utgjevne i to samlingar i 1887 og i 1891 av Bastian Dahl. Saman med Holmsen sine omsetjingar står den latinske grunnteksten. Poul C. E. Holmsen studerte jus og vart politiadjutant; han skreiv òg Kristianiapolitiet si soge gjenom to hundre år. Interessa for poesi og song fylgde med han frå barneåra.

I 1932 gav Erik Eggen, lektor ved Voss offentlege Landsgymnas, ut Horats: «Utvalde dikt med upplysningar og merknader ved Erik Eggen». Her står 17 av odane saman med utval av satirane og breva, rikt kommenterte språkleg og etter innhaldet. Etter Eggen si tid har Sigmund Skard tolka nokre av odane til Horats i Syn og Segn 1962, seinare prenta òg i antologien *Framande dikt* (1968).

I Europa og Amerika er Horats mykje lesen og granska ikring år 2000 som tidlegare. På internett skal det vera noko i nærleiken av 110 000 svar på Horats, Horatius, Horace. Mange av svara går vel til heilt andre mål enn den romerske skalden, men likevel vil svært mykje vera att. Det er no god von om at Horats atter vil koma til kveik til det norske lyrikkmiljøet, til glede og gagn.

Høgnorskringen

Høgnorskringen er ein landsdekkjande ring som vil reisa nynorsk i sitt «beste lag» (Aasen). I høgnorsk-namnet ligg programmet. Open for alle som er samde i grunntanken. Ringen er med i Ivar Aasen-sambandet.
Årspengar: 75 kr

Skriv til:
Høgnorskringen
hjå Anders Olsen
Askevegen 6
0275 Oslo
Tlf. 95 84 71 17
e-post: andersolsen@c2i.net
Postgiro 0530.49.45119

Til Torquatus (IV,7)

Av Horats

Snøen har bråna bort, no spirer graset på bøen,
trea vert grøne av lauv;
jorda skifter sin ham, og minkande bekker og elver
strøymer langs breidder forbi.

Gratia torer naken med diser og systrene sine
syngja og dansa i ring.
Vent ikkje evig liv! manar året og minner kvar time,
dei som tek dagen frå oss.

Tele vil tina for vestanvind, men våren må falla
tidleg for sumar som sjølv
også lyt fara, straks haust ber frukter i hagar, før vinter
kjem att med dvale og frost.

Måne på måne vil snøgt føra tapte tider attende,
me derimot, kjem me dit,
der dei er, gode Æneas, mektige Tullus og Ancus,
då er me skuggar og støv.

Kven veit om allhøge gudar vil gje ein morgondag meire
attåt den mengd me har fått?
Gled då di eiga sjel med det som er ditt, det som elles
grådige arvingar grip.

Straks du er faren herfrå, Torquatus, og Minos har avsagt
høgtidsam dom over deg,
skal'kje di ættline lenger, ikkje di ordhegd, nei, ikkje
godlyndet berga deg heim.

Opp ifrå underjorda får ikkje sjølve Diana
skuldlause Hippolytus;
ikkje Theseus eingong vinn å løysa or lekkjer ved Lethe
venen sin, Pirithoüs.

Frå latin ved Johannes Gjerdåker

Våren

Av Aasmund Olavsson Vinje

Enno ei Gong fekk eg Vetren at sjå for Våren at røma;
Heggen med Tre, som der Blomar var på, eg atter såg bløma.
Enno ei Gong fekk eg Isen at sjå frå Landet at fljota,
Snjoen at bråna og Fossen i Å at fyssa og brjota.

Graset det grøne eg enno ei Gong fekk skoda med Blomar;
enno eg høyrde, at Vårfuglen song mot Sol og mot Sumar.
Enno ei Gong den Velsignad eg fekk, at Gauken eg høyrde,
enno ei Gong ut på Åkren eg gjekk, der Plogen dei køyrde.

Enno ei Gong fekk eg skoda meg varm på Lufti og Engi;
Jordi at sjaa som med lengtande Barm at sukka i Sængi,
Vårsky at leika der til og ifrå, og Skybankar krulla,
so ut af Banken tok Tora til slå og kralla og rulla.

Sågiddren endå meg unntest at sjå på Vårbakken dansa,
Fivreld at floksa og fjuka ifrå, der Blomar seg kransa.
Alt dette Vårliv eg atter fekk sjå, som sidan eg miste.
Men eg er tungsam og spyrja meg må: tru det er det siste?

Lat det so vera: Eg mykit af Vænt i Livet fekk njota.
Meire eg fekk, enn eg hadde fortent, og alting må trjota.
Eigong eg sjølv i den vårlege Eim, som mettar mit Auga,
eigong eg der vil meg finna ein Heim og symjande lauga.

Alt det, som våren imøte meg bar, og Blomen eg plukkad',
Federnes Åndir eg trudde det var, som dansad' og sukkad'.
Derfor eg fann millom Bjørkar og Bar i Våren ei Gåta;
derfor det Ljod i den Fløyta eg skar, meg tyktest at gråta.

Or Skrifter i Samling, femte bandet. Ved Olav Midttun, 1921

Forskarar fremjar bokmål

Av Olav Torheim

Nyleg såg me i Aftenposten eit bladstykke med yverskrifti «Nynorskelever tregere til å lese». I ingressen heitte det at ein vart flinkare å lesa um ein gjekk i bokmålsklasse enn um ein gjekk i nynorskklasse. Det hadde ei etterrøkjing i lesetame millom elevar i tridje klasse på grunnskulenivå synt.

Attum den uppsiktsvekkjande granskingi stod tilsette ved Senter for leseforskning ved Høgskolen i Stavanger. Dei kunde ikkje gjeva nokor fullgod forklåring på korleides det hekk i hop at bokmålselevar fekk dei høgste gjenomsnittsverdi, men såg på samsvaret millom talemål og skriftmål som ei mogleg årsak. Same konklusjonen drog forskarane i ei tilsvarande gransking dei hadde gjort i 1997, og dimed skulde det vera vitskapleg prova at born vert betre til å lesa bokmål enn nynorsk.

Professor Torleiv Høien som er direktør for Stiftelsen Dysleksiforskning hadde derimot ingi tiltru til forskingsresultati frå Stavanger. Høien heldt fram at dei prøvone som var nytta i etterrøkjingi, einast var laga for å finna fram til deim som hadde serskilt dårleg lesetame, ikkje for å mæla gjenomsnittsverde. Prøvone skil ikkje godt nok millom deim som fær gode resultat. Konklusjonen hans enda med at ein ikkje kunde segja noko slag um skilnaden i lesetame millom nynorskelevar og bokmålselevar. Falsifisert forsking, med andre ord.

Sagt:

Ringt mål
Vyrde bladstyrar! Dersom Dag og Tid held fram med slikt ringt mål i leiarane sine som me var vitne til i førre nummeret, seier eg opp bladet med mogleg verknad frå årsskiftet.
Dagfinn Worren, Dag og Tid 1. desember

Retten til å organisera seg
I norsk arbeidsrett har retten til å velja å vere organisert, lenge vore eit grunnleggjande prinsipp. Dette har til dømes gått fram av hovudavtala mellom NHO og LO og av juridisk teori. I kraft av dette prinsippet har arbeidstakarar rett til å organisere seg og til ikkje å organisere seg. Dei har såleis både positiv og negativ organisasjonsfridom. Prinsippet har likevel ikkje hindra organisasjonsplikt på nokre spesielle område. I organisasjonane i arbeidarrørsla som til dømes Norsk Folkehjelp, har det såleis vore eit krav om at dei tilsette er organiserte i LOs forbund.
Advokat Jon Olav Bjergene, Skolefokus nr. 19, 2001

Inkje alternativ?
Dei siste vekene har det vore reist sterk kritikk mot krigføringa i Afghanistan. Kunstnarar og intellektuelle - kven no dei siste måtte vera - har gått i demonstrasjonstog mot bomber i Afghanistan. På Stortinget er det særleg SV som har engasjert seg mot krigen, og mot USA sin rolle i denne samanhengen. Kyrkjelege organ har også latt høyra frå seg, deriblant fleire av biskopane. Kyrkjemøtet fann det også naudsynt å ta sak opp. Det som heile tida er påfallande, er at det ikkje har vorte framført noko reelt alternativ til den krigen vi har sett.
Dagen 17. november 2001

Ein time ved fyret

av Trygve Orheim

Over fjell og høgsletter går vegen.
Ikkje høgsletter av det rett storfeldte slaget.
Men so romslege ein kann venta det,
her i fædrelandets vestlege territorium.

August månad, grønt frå fjøre til fjelltopp.
Sauen langs vegen i flokkar, dei finn rikeleg mat.
Eit par ender, med hastverk og svirrande vengjelyd
susar angande. Dette i kontrast til majestætisk svævande havmåse.

Eit par kilometer veg med bakke opp og bakke ned.
Og der høgt opp i ei sommargrøn fjellside står fyret.
Høgt, elegant i linjene og med kvitt som hovudfarge
Skodande med fyrtårnet sitt blikk, mot det mektige havet.

Og havet, dette urolege element!
Er idag so stilt, som det på noko vis kann verta.
Men havet si kvilelause ånd, let seg nok ikkje temja av godver.
Som var det eit slags stillestående høgdehopp,
slengde det brått sine veldige vassmengder til vers.
For so å falla nedatt og verta til skum over berga.

Der dei ligg som myrke glinsande kjempedyn,
frå dei løyngdomsfulle uendelege havdjup,
Med litt smålåten gul vegetasjon som pynt.
Dette medan havet rytmisk strekkjer kvite border,
av saltvatn og skum langs fluer og skjær.

Sjølv om stilla råder, med venleg blått millom lette skyer.
Tonar det då likevel som ein melodi over det heile.
Ein stor givnad må det vera:
Å tyda havet sin sogerike song.

Ein kjem i tankar om ein vulkan
Når havet gong på gong,
hiver or djupta sitt salte vatn,
nærmast mogeleg opp, mot himmelens blånande boge.

Nye bøker 2001

Gustav Indrebø: **Norsk Målsoga.** Endeleg ligg hovudverket til vitskapsmannen og målhovdingen Indrebø (1889-1942) fyre i ei heil og fullgod utgåva. Eit praktverk til tilbodspris: Ib. kr. **348** (serpris til studentar frå Forlaget).

Målsamlingar 1855-61 av Ivar Aasen. Vitskapleg utgåva av tidlegare uprenta arbeid. Redigert av Jarle Bondevik, Oddvar Nes og Teerje Aarset. Hefta kr. **250.**

Martin Volto: **Villmarkstonar.** «råkande, velforma dikt ... prega av livsrøynsle» (jost. m. i Hordaland). Hefta kr. **112.**

Norsk Bokreidingslag
Postboks 684 - 5807 Bergen
Fax: 55 32 03 56 - Tlf.: 55 30 18 99
Epost: post@bodonihus.no

Raudreven

Av Arne Horge

Bilen var full av sauesankarar og hundar. Me skulde køyrast rundt fjelli og åsane og upp ein skogsveg og gå fjelli og åsane heim og sanke i hop sau og bruke tvo dagar på ferdi og liggje natti yver på ein støl der det var ei romsleg kve, og andre dagen laut nokre gå til bygdars med sauedrifti, medan me som var att sanka oss vidare heim.



Eg visste eg hadde eit par harde dagar framfyre meg. Snart vilde eg berre ha meg sjølv og min eigen fart. No var det godt å sitja i bilen som lett og ledugt åt kilometer på kilometer med asfaltveg, svalle ved dei hine sankarane og sjå morgonsoli som glima i bilar framfyre oss, bilar me møtte, og som lova oss ein vakker dag med skir, blå himmel.

Blankt autovern fór framum, jorde med grøn doggvåt hå. Det var då eg fekk auga på raudreven som med hangande hovud, hangande rove sakte drog seg fram mot skogakanten med skadd bakfot, burt frå riksvegen.- Sjå! - Han var påkøyrd, meinte eg. - Nei, sa ein. - Jau, det trudde han òg, sa ein annan. - Og i meg i alle fall, vakna eit ubendigt sinne mot alle bilar og alle oss som nett no sat sjølvgode og mette og tanketome og fór fram gjenom morgonsoli som åtte me all verdi, medan småfuglar, raudrevar, born og gamle kallar og kjeringar med bærspann sat klistra i grillen når me endeleg kom fram og fann det for godt å stane. Ein sur klump i magen fekk eg.

Eg laut sjå til å koma meg ut or dette her. Eg tenkte på kor godt det vilde verta å koma fram i kveld, drive sauedotten eg truleg hadde funne inn i kve-i, få av seg våte kalde klæde og på med varme turre, god mat, eit par kaffidokterar medan haustmyrkret tetna til. Dra ned ljosekruna av tre etter Valentin Kielland som budde eit par år sumar som vetter i denne stølsbui fyre krigen, då gjekk eit klebersteinslodd til vêrs inne i sengjeromet, kveikje dei fem ljosi på dei utskorne armane og skuve henne upp att. Og medan ljosi blakra hugse saman kring bordet på gamle dagar. Valentin Kielland, han levde frå 1866 til 1944. Den tidi han var lærar i teikning og modellering i heimbyen Stavanger, laga han samstundes innbu i art nouveau. Eg vilde sjå på ljosekruna hans og på døri han hadde måla og sett namn og årstal på, 1938, men i meg levde raudreven likevel vidare med sterke leter.

Eg kom på at Valentin Kielland hadde vore i lære hjå Mathias Skeibrok, og seinare, i Paris, budde han eit kast i lag med Edvard Munch og Kalle Løchen. Med tankje på dei veikaste i samfunnet modellerte han "Slidets mand" i 1903 som vart kjøpt av Nasjonalgalleriet. Og eg auste på av det eg hugste um altartavle i kleberstein i Frogner kyrkje i Kristiania, treskulpturar av Hans Nielsen Hauge, Martin Luther og Heilag Olav, bronsestatue av fråhaldsmannen Asbjørn Kloster i Stavanger, og i same byen eit polykromt relief til altartavle i Johanneskyrkja. Og endå um det leitte på raudreven alt dette, og serleg det polykrome reliefet var sterkt, såg eg honom framleis klårt med leter og rørslor, men det rjukande sinne i meg slokna, og eg kjende på nytt dei mjuke rørslone frå farten klemme meg venleg frå seteryggen.

Etter kvart vart Valentin Kielland uppteken av spiritisme, og mot slutten av livet sitt skreiv han tre bøker um religiøse emne. Eg hadde lese deim alle, og det var tung kost. *Kristus og mysteriene* 1931, *Kristendommens mysterium* 1935, og *Evolutionen, aandens nettlegeme, mysterier og gudsmennesket* 1940. Med den siste boki til Valentin Kielland gjekk bilætet av raudreven yver til svart-kvitt og vart berre til ein sår flekk i hjarteroti. Difor var eg ved godt mot då me kom fram, og ho som køyrde stod att åleine ved bilen sin og ynskte oss alle lukke til med sanken.

Knut Berg

Ein lesar hev merkt seg målet i *Ingeniør Knut Berg på eventyr*, jolehefte utgjeve på Fonna Forlag. Her vert det nytta ord som truleg er ute av Nynorskordboka av i dag. Han hev merkt seg ord som *ljosnæme, sprengto, mole* (um eit stykkje av noko), *deild, heppen, sprengsmell, etterrøking, bisna, heisegogn* og mange fleire. Dette er eit sterkt vitnemål um målreisingsvilje. Diverre hev ikkje teikneserieheftet i-endingar, slær innringjaren fast, men det er likevel grunn til å spreida denne gilde lesnaden.

NYNORSK ANTIKVARIAT
Pb 9243 Grønland,0134 OSLO
Tlf 22 19 02 11
Faks 22 19 61 10
epost:
tinging@nynorskantikvariat.no
Kontortid: onsdag

Sogebilæte

Av Arne Horge

Måling med gjenomskinelege vatsfargar, det er akvarell, det krev at kunstnaren lukkast der og då i den stundi bilætet vert laga, det kan ikkje bøtast på seinare.

I Estland er bilætkunstnaren Orest Kormasjov uppteken av å gjera eit langvarugt drag i estisk soge til upplevingar av augneblenkar på akvarellpapiret, han målar gamle herregardar, og det skal enno finnast kring 200 slike bygnader i landet. - «Eg vert upp i under», segjer Kormasjov, «yver kor godt desse store herregardane høver inn i land og lende. Og dei vart bygde på nokre av dei vakraste stadene i heile Estland.»

Orest Kormasjov er 37 år gamal og er i lag med kone og tvo born når han fer ikring og målar. Til no hev han vitja kring halvparten av dei herregardane som stend att. Sume av bygnadene vart sette upp radt attende på 1700-talet. I herregardshusi levde den tysk-baltiske adelen, etter reformasjonen strenge lutheranarar, men i si tid hadde tyske riddarar gjort landnåm i Baltikum då dei med sverdet i den eine handi og Bibelen i hi kom for å kristne landet og leggje det innåt pavekyrkja.

Etter fyrste heimskrigen vart det mogeleg for estarane å stride for eige sjølvstende. Mot slutten av februar 1919 var dei russiske bolsjevikane kasta ut, og i ein stutt men hard strid mot den væpna armen til den tyskbaltiske adelen vart Baltische Landeswehr rivi upp og restane sett under latvisk styring.

Noko av det fyrste den unge estiske staten gav seg i kast med var eit umbrøyte av eigedomsskipnaden i jordbruket. I 1918 var 58% av jordi i hendane på godseigarar, medan tvo treadeiler av bygdafolket, det vil segja på lag ein halv million menneskje, var eigedomslause. Umbrøytet førde til vedtaket den 10. oktober 1919 um oreigning av i alt 96,6% av jordbruksviddi åt godseigarane for å deile jordi ut att åt småbrukarar. Mengdi av dei 1065 herregardane hadde tysk-baltiske eigarar, men det fanst ogso estarar som hadde arbeidd seg upp, vel eit halvt hundrad stykkje. Fyrst i 1926 fekk godseigarane ein slags rett for tapet, og då berre med 3% av det røynelege verdet av jordbrukseigedomane.

Bondelogene hadde fleire fyremål. Dei skulde bøte på urettvisa mot fatigfolket på bygdane, dei skulde umgjera dei jordlause til småbrukarar som betre kunde stå seg mot kommunistisk uppeggjing, og dei skulde taka frå den tysk-baltiske adelen det økonomiske grunnlaget for serstoda åt denne folkegruppa i det estiske samfunnet.

Orest Kormasjov ser både russiske og tyske stildrag i dei gamle herregardane han målar. Den tysktalande adelen fekk rikdomen sin fyrst og fremst ved å selja vodka og slaktefe åt St. Petersburg, hevdar han. Og sjølv er han byrg av å vera upplært i klassisk russisk målarkunst av far sin som ogso er målar. Lærdomen sin lèt Orest Kormasjov gå vidare til elevar han hev i hovudstaden Tallinn der han nett no stiller ut akvarellane sine.

Nynorskordboka

I Dag og Tid 24.11.2001 er det lista upp mange bokmålsord som er henta frå tridje utgåva av «Nynorskordboka». Boki er utarbeidd i samarbeid med Norsk språkråd, og me skynar at den fremste uppgåva for dei nynorske gislane i Norsk språkråd er, no som fyrr, å læra trege nynorskingar upp i bokmål.

Trygve Lande

Eg og me stend sterkt

«Det heiter ikkje: eg - no lenger.
Heretter heiter det: vi!» - lydde parolen til dei samnorskvenlege etter at Indrebø var daud.
Og endå både sa og skreiv halve Sør-Noreg «eg» og «me» i staden for «vi».

Trygve Lande

Linux - fridomen til å velja

Av Olav Torheim

«Arbeidet for nynorske dataprogram har vore høgt prioritert av Noregs Mållag og heile målrørsla dei siste åra», kann me lesa på heimesidone åt Noregs Mållag. Samstundes skriv Dagbladet at Landssamskipnaden av nynorskkommunar vil boikotta det nye Office XP av di det vantar nynorsk grammatikkontroll. Og tidlegare i haust kom jamvel kyrkje- og undervisningsministeren på banen. I radioprogrammet «Her og nå» lova Trond Giske at programvara ikkje lenger skal vera noko undantak frå parallellutgåveretten som er nedfelt i log um vidaregåande upplæring. Nynorsk data, kva hev gjort det til ei eigi sak? Og kvifor fyrst no?

Lat oss byrja med litt historikk. Frå tidleg på 80-talet og fram til slutten av 90-åri var operativsystemi frå Microsoft, MS-DOS og MS-Windows, so godt som einrådande på PC-marknaden. IBM-prosjektet OS/2 slo aldri igjenom millom privatbrukarar, og det endå OS/2 Warp, det fyrste 32-bits operativsystemet for PC, på alle måtar var eit betre og langt meir stabilt system enn Windows 95. Samstundes med at PC-salet skaut i vêret, vart Microsoft sitjande i ei monopolstoda der dei hev kunna innkassera milliardar i lisenspengar frå institusjonar og privatpersonar.

Både Microsoft Windows og tekstyringsprogrammet Office hev stødt funnest på bokmål. Nynorske utgåvor hev derimot ikkje kome på tale - so sant staten segjer seg viljug til å taka på seg alle kostnadene, og det hev han so langt ikkje vore.

Microsoft-monopol

I dag nyttar den norske staten 4,5 milliardar på IT, og svært mykje av denne summen gjeng med til å kosta programvarelisensar åt Microsoft. 96 prosent av alle statlege verksemder hev installera Microsoft Word, syner ein rapport frå Statskonsult. Enn um desse pengane i staden kunde nyttast til å laga nynorsk programvara?

Microsoft hev fenge nakkegrep på den norske staten, og det nyttar dei til gagns: Til dessar hev institusjonar nytta seg av 3-års «enterprise agreements» der dei betalar ei årleg avgift åt Microsoft for å kaupa programvara.



Segjer dei upp avtala, stend institusjonen fritt til å nytta programvara dei hev kaupt so lenge dei vil. Denne ordningi vert det no ende på. Frå no av skal ein ikkje få kaupa programvara. I staden skal det innførast abonnementsordningar der ein lyt betala for å køyra Microsoft-program i ein viss periode. Denne rådgjerdi er alt sett i verk med til dømes Microsoft Visual Basic 7.0. Visual Basic 7.0 kann ikkje køyrast utan at ein er tilkopla Internet og logga på ein Microsoft-server.

Diverre for Microsoft hev det allvegen vore ei verd utanfor IBM PC og X86-arkitekturen, og der hev Microsoft Windows aldri fenge innpass. Stormaskinor, serverar og «talknusarar» av typen Digital Alpha og Sun-SPARC hev køyrt på eigi, proprietær programvara. I bankbransjen er OS/2 det einaste PC-baserte operativsystemet som hev fenge eit visst gjenomslag. Utanum OS/2 hev det gjenge i UNIX-baserte løysingar. Windows er, som mange veit, ute av stand til å handtera store datamengder. Etter 30 års bruk er UNIX framleis reikna for å vera det mest stabile og fleksible operativsystemet i verdi.

Den rivande teknologiske utviklingi, for å segja det med ein klisjé, hev ført til at datasystem som tidlegare treivst best på stormaskinor (sokalla «mainframes»), no kann gjera same nytten på vanlege PC-ar. Takk vere innsatsen åt eit tusundtals friviljuge hev ymse avbrigde av operativsystemet UNIX sidan tidleg på 90-talet vore fritt tilgjengeleg for vanlege PC-brukarar. Fri programvara hev vorte eit umgrip, og med Internet hev det vakse fram eit solid distribusjonsnet for den frie programvara.

Frå Microsoft-hald vert Windows gjerne framstelt som det store og tunge systemet, medan Linux/UNIX nær sagt hev vorte til på guteromet. Dette er etter mitt syn å snu det heile på hovudet. Operativsystemet MS-DOS, som ligg til grunn for Windows, vart utvikla på eit halvår av tvo unggutar utan faglege kvalifikasjonar av noko slag. UNIX hev heile tidi vorte utvikla vidare dei seinste 30 åri, og er eit operativsystem av og for forskarar og ingeniørar. Det nye er at det no er gratis.

So godt som all programvara for PC hev til dessar vore proprietær. Jamvel um mykje hev vore sokalla «freeware» eller «shareware», hev det vorte verna av upphavsrett og einast ferdugkompilera programkode hev vore tilgjengeleg. Det hev soleides ikkje vore råd å modifisera programvara, og lovleg hev det helder ikkje vore. Men for dei friviljuge som arbeidde med å porta UNIX-systemet til PC var filosofien at all programvara bør vera fritt tilgjengeleg. Fri programvara er programvara som alle kann nytta som dei vil, brigda på og dela med andre. Fri programvara er ikkje det same som gratis programvara, der det ikkje er råd å gjera endringar i programvara. Det er helder ikkje det same som «open source"» programvara, der det ofta ikkje er lov å distribuera vidare det som er gjort endringar i.

Fri programvara handlar um fridom, ikkje pris. Fri programvara kann ein ofta få tak i gratis, frå FTP til dømes. Men det kann distribuerast mot betaling med, til dømes på ein CD-ROM. På same måten kann proprietær programvara sumtid vera tilgjengeleg heilt gratis, andre gonger berre mot betaling.

Rett etter at Linux slo igjenom, dukka det upp mykje «open source» software under tvilsame lisensar som ikkje godtok flyt av kode millom deim. No er det likt til at GNU GPL er åt å koma ut som standarden for frie lisensar. Program som hev bytt til GNU GPL er Mozilla, QT (API til å koda grafisk brukargrensesnitt i C++) og Star Office frå Sun.

Fyremunene med UNIX er mange, at det er gratis hev eg alt nemnt.

Til næste sida...

Frå fyrre sida:

Tryggleik og stabilitet er andre stikkord. UNIX-maskinor kann stå på fleire hundrad dagar av gongen utan at det hev noko å segja for yteevna åt systemet.

GNU-prosjektet

GNU-prosjektet vart sett i verk i 1984 for å utvikla eit fullkome UNIX-likt operativsystem som var gratis. Det meste av arbeidet med GNU var fullført fyrst på 90-talet, men dei vanta ein kjerne å køyra systemet på. Finske Linus Torvalds skreiv Linux-kjernen og kompletterte dimed GNU-prosjektet. Ymse avbrigde av GNU, som nyttar kjernen Linux, vert som oftast referera til som «Linux». Men Linux utgjer i realiteten berre nokre fåe prosent av heile operativsystemet. Operativsystemet er hovudsakleg GNU, med Linux som fungerande kjerne. Attåt GNU hev eit anna sjølvstendig produsert UNIX-system vakse fram: BSD. Eit fritt operativsystem i dag er heilt sikkert eit avbrigde av GNU-systemet eller BSD-systemet.

So kann ein spyrja seg, når GNU/Linux hev vore ute sidan tidleg på 90-talet, kvifor er det ikkje fleire som nyttar det? Svaret er at hjå programmerarar og netverksfolk hev Linux vore operativsystem nr. 1 i mange år. Millom vevtenarar til dømes, er Apache-serveren frå GNU dominerande (med nær 60 prosent av vertsmaskinone i september 2001). Problemet hev vore folk flest, dei som berre vil ha ei vanleg kontormaskin. Dei steller ofta ikkje meir enn tvo spursmål: Hev de Office? Hev de Internet Explorer? Og lenge var svaret nei.

X-Windows og grafisk grensesnitt

X-protokollen vart utvikla på midten av 80-talet. Den fyrste kommersielle utgjevingi kom i 1986, og køyrde på DEC VAX-baserte arbeidsstasjonar. X-Windows gjev UNIX eit grafisk brukargrensesnitt, mykje på same måten som Microsoft Windows og IBM sin Presentation Manager. Hovudskilnaden er strukturen åt X-protokollen som gjev ei klient-server-basert løysing på applikasjonsnivå. Xfree86-prosjektet gjeng ut på å porta X til 80X86-arkitekturen. Maskinor som er kompatible med 80X86 er det me til vanleg kallar PC-ar.

X-Windows definerar berre mekanismane åt det grafiske brukargrensesnittet, noko «Standard Look and Feel» skrivebordsmiljø finst ikkje. Etter at me fyrst hadde fenge tvo tevlande skrivebordsmiljø, kalla Motif (AT&T og Sun) og Open-Look (OSF), gjekk dei seinare saman med ein ny standard, CDE (Common Desktop Environment). CDE er ein kommersiell standard; frie standardar er sidan komne til, KDE og GNOME (Gnome høyrer med til GNU-prosjektet). Under KDE hev du det mest som i Windows: Start-meny, Office-pakke, drag-and-drop-verkty m.m.

Med distribusjonar som RedHat Linux og Mandrake Linux hev me med kvart fenge eit UNIX-system for folk flest. Installasjonen gjeng som ein leik under desse distribusjonane. Men på hi sida av skalaen finst framleis distribusjonar av typen Slackware og Debian, som ikkje akkurat er meint for nynæmingar.

Og kva med høgnorsken?

Med dei opne standardane er det upp til oss sjølve um me vil ha programmi på vårt eige mål. Er arbeidet for UNIX og fri programvare noko for høgnorskrørsla, eller skal me yverlata dette til Noregs Mållag som alt er engasjert? Nynorsk utgåva av KDE hev vore ute sidan november 2000, men denne nynorsken er langt frå god nok for oss Aasen-folk. Skulelinux, ein linux-distribusjon for grunnskule og vidaregåande skule som no er på trappene, vert «kvalitetssikra» av Norsk Språkråd. Slikt fær det til å gå kaldt nedetter ryggen på oss høgnorskingar, og reint konkret fører det millom anna til frislepp av anbeiheitelse. Dette i staden for at me kunde ha dyrka fram vår eigen dataterminologi slik islendingane hev gjort.

Mykje spanande er på gang i skjeringspunktet millom teknologi og humaniora. Um me ikkje hev tid og krafter til å vera med på utgjeving av høgnorske dataprogram i dag, hev me kor som er eigeninteressa av at mest mogleg kjem ut i ein open standard der me sjølve kann gjera umvølingar ein gong i framtidi. Ikkje minst på språkteknologi-fronten kann dette ha mykje fyre seg.

Tilskrifter

Ivar Aasen-sambandet
Formann Klaus Johan Myrvoll
Nedre Ullevål 9-322,
0850 OSLO
Tlf. 900 26 380
Epost: klausjon@online.no

Vestlandske Mållag
Formann Lars Bjarne Marøy
Eliasmarki 14, 5163 LAKSEVÅG
Tlf. 55 34 33 77
Epost: lbmaroy@c2i.net

Vestmannalaget
v/ Jon Askeland
Krohnengsgata 3, 5035 BERGEN
Tlf. 55 58 93 03

Høgnorskringen
Formann Anders Olsen
Askevegen 4, 0275 OSLO
Tlf. 958 47 117
Epost: andersolsen@c2i.net

Norsk Bokreidingslag
v/ Jon Askeland
Postboks 684, 5807 BERGEN
Tlf. 55 30 18 99
Epost: post@bodomihus.no

Sunnmøre Vestmannalag
Formann Svein E. Kvamsdal
Prestegata 2, 6100 VOLDA
Tlf. 70 07 60 72

Blindern høgnorsklag
Formann Kjetil Aasen
Tlf. 911 47 441
Postboks 49 Blindern, 0313 OSLO
Kontonr. 0536 37 99 673

Ivar Aasen-sambandet

Ivar Aasen-sambandet er landssamskipnaden åt vestmennene og høgnorskrørsla. Sambandet arbeider for måluppfylsning, måldyrking og målreising. Sambandet krev fulle rettar for nynorsk i Noreg, og krev i nynorsk full jamstelling for i-målet som Ivar Aasen valde.
Sambandet hev ei sergjerning i norsk målrørsla; både lag og einskilde kann vera med. Skriv deg inn!
Årspengar kr. 50,-

Innmelding til formannen:
Klaus Johan Myrvoll
Nedre Ullevål 9-322
0850 OSLO
Tlf. 900 26 380
Epost: klausjon@online.no
www.sambandet.no
Giro 0814 20 27 209

Vinjebiografi

Av Anders Moe

Olav Vesaas:
A. O. Vinje - Ein tankens hærmann
Cappelen 2001, 523 sidor

Det skal godt gjerast å skriva ei keidsam bok um Aasmund Olavsson Vinje, men Olav Vesaas hev gjort ein ærleg freistnad. Sume nyare biografiar gjev tidsbilæte, set mannen inn i ein større samanheng, syner forskingstraditionen (kva objektet for biografien hev vore teken til inntekt for, og korleis han hev vorte tolka), og gjev biografen sitt eige syn på mann og verk.

Forvitnelege døme på slike biografiar er Stephen Walton sin Aasenbiografi, Lars Roar Langslet um Ludvig Holberg og Lars Frode Larsen um den unge Knut Hamsun. Desse bøkene kann nok irritera mang ein lesar; både Walton (1996) og Larsen (1998) fekk høyra at mannen vert burte når so mykje kultursoga, kjeldekritikk og eigne vurderingar skal med.

Ein kann og få mannen til å kverva burt med å taka med for lite slikt stoff, slik denne biografien syner. Vesaas er ikkje den som blandar korti: boki er strengt kronologisk - ho byrjar med familiesoga og endar med gravferdi. Det er ein traditionell biografi Vesaas hev skrive, og innanfor råmone hev han gjort jobben sin godt; fortel kjeldone noko um kvar Vinje var og kva han gjorde, so stend det her. Men tidi for slike traditionelle biografiar er nok yver, sant å segja; me hev ingen heltar i vår tid, og so vert du spyrjande: kvifor er denne boki skrivi, og kvifor skal ho lesast? Svaret gav seg sjølv då Halvdan Koht skulde skriva um Aasen og Francis Bull um Holberg: mannen skulde synast fram som helt og takast til inntekt for forfattarane sine meiningar.

Nye tider, nye skikkar. Vesaas vil ikkje gjera nokon helt ut av Vinje, og ikkje er han heilt viss på um han kann vera samd med so mykje Vinje meinte heller. Ja, men då må forfattaren gjeva eit mykje klårare svar på kva han vil med boki si. Walton og Langslet gjer dette i sine bøker; dei gjeng laus på fagtraditionen med sleggja, og attåt gjev dei sitt eige syn på kvifor innsatsen åt biografiobjektet er viktug enno.

Ein grunn til at Vinje vert hugsa, er at han stod attum det fyrste bladtiltaket på norskt mål, einmannsbladet Dølen (1858-1870 med avbrot). Kva slags plass havde Dølen i norsk pressa? Vesaas fortel at bladet havde 5-600 tingarar, og det er ei forvitneleg upplysning. Men slike tal lyt setjast i ein samanhang; soga um Vinje er soga um Dølen, og soga um Dølen er soga um norsk pressa. Det var mest berre Dølen som vart lesen av norske avisor frå 1860-åri, so her treng lesaren meir information um stoda for norsk pressa, skal han verta klok på kva slags blad Dølen var i røyndi.

Miljøet rundt Vinje skulde me òg ha visst noko meir um. Boki er so strengt kronologisk at Vinje sine vener er unemnde millom kvar gong Vinje møter deim. «Beinløysor», var det ikkje det Vinje kalla slike figurar? Mange folk Vinje hev havt med å gjera er berre tome namn i denne boki. Det gjeld «Hollendar»-krinsen, det gjeld krinsen rundt bladet «Vaart Land», og det gjeld dei Vinje fór på fjellet med. Når Vinje ligg og ventar på dauden, er det ein som sit hjå honom og tek diktat på dei siste utgåvone av Dølen. Han heiter Lars Holst, fær me vita. Han er student og seinare redaktør av Dagbladet, og vert nytta til kjelda for den siste tidi åt Vinje. Men me fær ikkje vita i kva for samanhang Holst kom til å skriva um denne tidi, og burtsett frå det at han var student, ikkje noko um Holst sjølv heller. Var han målmann? Kjende han Vinje frå fyrr? Det vert ikkje noko fullt bilæte av Vinje når me fær vita so lite um deim han hekk i hop med.

Denne strengt kronologiske skipnaden gjer at ein stundom undrast kvifor Vinje fær ein biografi i det heile; når Dølen må stogga, når spelstykket hans går uprenta i skrivebordsskuffen, romanen «Elsk og Giftarmaal» vert dårleg og diktsyklusen «Staale» lyt gjevast upp på halvvegen. Kvifor skal me hugsa ein mann som berre hadde fiaskoar? Men no hadde han ikkje berre fiaskoar. Det er berre upplegget Vesaas nyttar som gjer at det ikkje vert fokusert nok på dei tingi som Vinje vert hugsa for.

Vesaas gjev plass for nokre av sine eigne tolkingar i eit lite etterord: «Eit gåtefullt menneske». Dei er noko enkle og klisjéprega, til dømes denne: «Grovt forenkla gjekk livsgangen hans frå husmannsklassa opp mot embetsstanden - til og med som gjest hos statsministeren for ei kort stund - og så ned til allmugen att, til folket, til bøndene. [...D]å han vart kasta ut av departementet i 1868, snudde han ryggen til den samfunnsklassa som aldri hadde godteke han. Vinje gjekk tilbake til sine eigne, til dei han kom ifrå.» (s. 468-469). At Vinje slutta å skriva, braut med det han hadde att av vener og fór attende til Vinje og skulde verta bonde, er det ikkje sagt eitt ord um i sjølve biografien. Denne pompøse utsegni er i røyndi berre inspirert av at Vinje nok ein gong hadde skift meining - han var mindre aristokratisk og meir demokratisk enn fyrr.

Men so veit Vesaas at Vinje hadde sume aristokratiske idear i 1858, då han starta Dølen og gjekk yver til å skriva landsmål. Dette rimer ikkje med tolkingi åt Vesaas av kvifor han gjekk yver til Døla-målet: «Han bryt med det gamle, kanselliprega danske skriftmålet og tek i bruk eit nytt, friskt, uferdig, klisjéfattig og munnleg språk som ligg nær folkemålet.» (s. 209). Um han var aristokrat, kvifor skulde han vera forviten etter eit slikt mål?

Lat oss taka eit døme på den danske prosaen åt Vinje; dette er frå artikkelen som gjorde honom til ein vidgjeten mann - bokmeldingi frå 1847 av Christelige Fortællinger: "Forfatteren [...] begaaer nemlig den synd i [Fortelling] No. 18 at foredrage den nye Lærdom, at Synden kommer fra Gud. Det er mærkeligt, men det er sandt. Han lader nemlig en Bonde, der beklages, fordi Haglveiret havde ødelagt hans Ager, tale saalunde: «Det var jo ingen Ulykke, det var kun

Til næste sida...

en Skade. Synden alene er en Ulykke.» Til dette Ex. føier han Bibelsprog: Sir. 11,14. «Alting kommer fra Gud, Lykke og Ulykke osv. Altsaa? - - Fra hvem kommer Synden, staaer her? - - Fra Menneskene. - Hvada? Staaer det her? Ne - hei. Hvad kommer fra Gud, staaer der i Bibelsproget? Alting. Exempler? Lykke og Ulykke. Rigtig. Hvad er synden, står der i Ex.? - En Ulykke. Hvad kommer nu altsaa fra Gud? Slut! Sy-y-nden. Nu da! Der er jo klart, efter hvad der staaer. Gaa nu hjem og læs Logik med sei! Og kom saa aldrig igjen med slig Galimathias!» (Her etter Skrifter i Samling, 1916, s. 19).

Dette kom altså på prent i 1847. Det finst nynorsk prosa som er mindre munnleg enn dette. Men det er ein ting som er verre enn at påstanden ikkje er sann, og det er at han ikkje kann gjera Vinje relevant for ein notidslesar. No hev me alle lese so mykje talemålsnær, folkeleg prosa som er både keidsam og dårleg og attåt langtifrå so lettlesen som forfattarane sjølve trur, at no grip ikkje dialektnærleiksideologien folk lenger. Nei, når Vesaas slær i bordet med at Vinje sitt dølamål er munnleg og folkeleg, sel han avisor frå i går. (Og: Um no Dølen var so folkeleg, kvifor havde han flest tingarar i byen? (s. 226)

Vinje sjølv var sterkt kritisk til dette folkelege og munnlege: «[N]aar folk segja, at ingen er so norsk som Asbjørnsen, so visar det blandt annat, at dei ikki vita, kvat norsk er, men gjera norsk Maal til ein tale av Tussar og Bytingar. Denne fantestilen maa ogso vera med, og Ære være den, som kann støypa honom so godt som Asbjørnsen; [...] men der maa nokot meir og endelausare til, fyrr «norsk» er tømt ut.» (Dølen nr. 45 1859, her etter Skrifter i Samling I, s. 302.)

Um Vinje sitt tilhøve til Aasen og målstrævet skriv Vesaas ikkje mykje. Aasen er uforvarande til stades i boki på sida 142, utan at me fær vita korleis han og Vinje møttest. Konklusjonen i etterordet er: «Han kritiserte friskt personar og saker rundt seg, men aldri Ivar Aasen og målstrevet» (s. 471). Dette bilætet av hopehavet millom Aasen og Vinje er ikkje basert på dei biografiske upplysningane Vesaas legg fram sjølv; det ser ikkje ut til at dei tvo kjende kvarandre godt eller såg kvarandre ofte. Og kva med den gongen i februar 1865, då han søkte um stipend frå det akademiske kollegium til ei studiereisa for å leita etter ein «Generalnævner, da den praktiske i Modsætning til den theoretiske, som I. Aasen tror at have fundet.» (s. 330). Er ikkje dette kritikk, då? I røyndi brigde Vinje ofte på skrivemåten, og det er nok av døme på at Aasen ikkje lika slikt (i meldingi av Ny Hungrvekja (1858), fyreordet til Sommer si noregssoga (1860) og elles). Det er visst framleis Johan Storm som hev skrive mest og best um dei ymse målavbrøyti hjå Vinje (Det Nynorske Landsmaal, 1888), Vesaas legg ingi vekt på det.

Um Vesaas sitt mål hev eg ikkje stort å skriva; han skriv ein greid normalprosa. I boki tydar «freistande» «fristende», og ikkje «et forsøg værd», men denne ordbruken er so vanleg at ein må tru han er rett.

Som eit handlingsreferat av livet åt Vinje er denne boki framifrå. Ho lyt lesast av alle som er forvitne etter Vinje, jamvel um ho ikkje gjev noko svar på kvifor ein lyt vera det.

Stein under fuglefot

Jul Haganæs:
Stein under fuglefot. Dikt.
Snøfugl forlag, 2000

Det er nokre år sidan valdrisen Jul Haganæs sende ut fyrste boki no. Det var i 1965 då diktsamlingi *Aprilnetter* kom, då var han 33 år. Sidan hev det vorte mange diktsamlingar; *Stein under fuglefot* er den 12. Dertil hev Haganæs kome med ei rad prosabøker. Han hev vorte umsett til andre mål, m.a. til islendsk, og han hev sjølv kome med ei umdikting av Gudmundur Danielson frå islendsk. Siste boki til Haganæs kjem ut på Snøfugl forlag i Melhus, og det er sers gledeleg at me vedvarande hev ein slump livsspræke forlag, opne for norsk mål, spreidde kringum i landet i ei tid då det meste vert tvinga til Oslo, og eit nynorskforlag i hovudstaden, utan serleg ank for mangfelde og vern um vårt tradisjonelle mål, hev mykje godt monopol.

Paal Brekke skreiv i Dagbladet um Haganæs at den nynorske lyrikken hans med feste i natur, gardsliv og bygdemiljø var ei gagnleg motvekt mot den jamt meir urbanisera/poliitisera diktingi. Han skreiv det i 1978, og ordi hev ikkje mindre bodskap i dag, same um politiseringi sant nok hev vore i attergang. Tilhøyrsla åt Jul Haganæs er tydeleg i *Stein under fuglefot*. Som det heiter i sluttlinone i sluttdiktet «River brisk og plukke stein»:

Eg tek ikkje
eit steg i salongane
utan å kjenne
den steinute stigen
under føtene

og skriv ikkje
ei line
utan at hendene
driv på med
å rive brisk og plukke stein.

Diktaren er komen i ein alder då tilværet hev sett sine spor, og trongen til samlag og samlivnad kjem stundom til synes - ein open «glugg i grådagen». Denne trongen gjeng vidare enn til menneski, han femner um skjori på fuglebrettet ei morgonstund:

Men hugen fyllest
av ein still straum
med ljos

fordi vi båe
skal vera her
også i dag

Det er ei diktsamling som eg las med hugnad. Forlaget hev gjeve boki eit fint umslag, og det skal ikkje nedtegjast at boki er på friskt i-mål.

Jostein Krokvik

Eit straumvende i noregssoga

Det er eit årstal som ein fyrr eller seinare lyt koma attende til. Det er 1884. Dette årstalet samlar på underleg vis i seg alle dei motsetnadene som 1800-talssoga er so full av: dei sosiale spaningane, dei politiske spaningane, dei nasjonale spaningane og spaningane millom det tradisjonelle embetsmannsstyret og det moderne folkestyret.

Lat oss taka kvart moment for seg. Dei sosiale spaningane var knytte til at samfundet var bytt i tri stender. Det var embetsmennene, borgarskapen og bøndene. Embetsmennene var dei som hadde kontrollen med samfundsstyringi. Dei politiske spaningane var knytte til at embetsmennene ikkje var so mektuge lenger. Folk frå andre lag av samfundet vilde vera med på å styra samfundet. Embetsmennene studde seg til den svenske kongen når det galdt å forsvara styringsmonopolet sitt. Soleis vart det ein nasjonal strid, der nordmenner stod mot nordmenner, og der embetsmennene studde seg til den svenske kongen som resten av folket var imot.

Motsetnaden millom embetsmennene som hadde styrt folket gjenom fleire hundrad år, og ei framveksande samfundsgruppa av dugande menneske som ikkje kunde identifisera seg med embetsmennene, men derimot med bondestanden, tvinga til slutt embetsmennene anten til å gjera eit statskupp, som kunde ha ført oss inn i ein borgarkrig, eller å godtaka at det var Stortinget som nemnde ut riksstyret. Embetsmennene og den svenske kongen valde til slutt å bøygja av. Det var nok det klokaste. Skiftande riksstyre hev kome og gjenge sidan 1884, men parlamentarismen, den styreskikken at fleirtalet i Stortinget peikar ut riksstyret, stend ved lag.

Lars Bjarne Marøy

Verdfulle bøker

Gunnstein Akselberg og Jarle Bondevik, red.:
Heidersskrift til Oddvar Nes
24 artiklar frå mål- og namnegransking. Hefta 275 kr

Alv Askeland: **Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi.**
Frisk essay-samling på godt mål um grunnleggjande spursmål for norsk folkestyre og sjølvstende. Gjelsvik-prisen. Hefta 135 kr

Alv Askeland: **Kyrkjeljod. Salmar**. Hefta 115 kr

Jarle Bondevik og Andreas Bjørkum: **Festskrift til Anders Ohnstad**.
Hefta 200 kr

Conrad Clausen: **Festskrift til Ludv. Jerdal**. I bd. 195 kr

Gunnar Gilberg: **Sjå attum** (dikt). Hefta 80 kr

Hannaas, Clausen, Jerdal: **Vestmannalaget 110 år**. I bd. 200 kr

Sigrid Omland Hansteen: **Idyllar i ei ulvetid** (dikt). Hefta 130 kr

Arne Horge: **Gråskuggen**. Fin barnebok med teikningar av Dagfinn Instanes og unge hjelparar. I bd. 168 kr

Ludv. Jerdal: **Heimlandet dreg**. Roman. Hefta 45 kr, i bd. 65 kr

Ludv. Jerdal: **Grundtvig og folkehøgskulen i dag**. I bd. 130 kr

Jostein Krokvik: **Norskrøtt skriftmåls store fall**. Um det nynorske atterslaget i etterkrigstidi. Hefta 130 kr

Jostein Krokvik: **Ny Hungrvekja og Jan Prahl**. Hefta 160 kr

Jostein Krokvik: **Mål og vanmæle**. Soga um det offentlege målet.
Hefta 160 kr

Jostein Krokvik: **Kjettarord um norsk målalkymi**. Hefta 24 kr

Gudlaug Nedrelid: **I ulvekjeften** (dikt). Hefta 110 kr

Olav Nygard: **Dikt i samling**. 100-årsutg. ved Conrad Clausen. I bd 145 kr

Sigurd Sandvik: **Skriv betre norsk**. Rettleiding i målbruk. Hefta 115 kr

Sigurd Sandvik: **Suldalsmålet II**. Ny samling ord og ordlag frå Suldal.
Hefta kr 100,-. Suldalsmålet I og II samla for 200 kr

Sigurd Sandvik: **Litl-Ola.** Um 7-åringen Litl-Ola som veks upp på fjellgard i Suldal på 1920-talet. Astrid Haugland teiknar. Hefta 145 kr

Sigurd Sandvik: **Stølsguten**, Ola hev vorte 9 år og er gjætargut. Samstundes skildring av arbeidsliv og folkeliv i Suldal. Hefta 145 kr

Gustav Indrebø: **Norsk Målsoga**. Det store målsogeverket. I band 350 kr

Gustav Indrebø: **Kva er målreising. Utvalde artiklar**. Hefta 50 kr

Gustav Indrebø: **På norsk grunn**. Hefta 125 kr

Inger Indrebø Eidissen: **Gustav Indrebø. Ei livsskildring**.
Skildra frå nært hald. I band 230 kr

Nikolaus Gjelsvik: **Von og veg**. Gjelsviks høgskatta ervebrev um norsk målføring. I band 60 kr

Severin Eskeland: **Framandordbok**. Einaste nynorske. I band 115 kr

Severin Eskeland: **Ei minnebok**. I band 50 kr

Eigil Lehmann: **Reise det som velt er**. Hefta 115 kr

Eigil Lehmann: **Færøysk-norsk ordbok**. I band 150 kr

Eigil Lehmann: **Islendsk-norsk ordbok**. I band 250 kr

Eigil Lehmann: **Norsk-islendsk samtaleordbok** (parlør). Hefta 20 kr

Eivind Vågslid: **Stadnamntydingar IV**, hefta 65 kr

Dessutan folkeminnebøker frå Hardanger av Halldor O. Opedal, forvitnelege bøker av Ola Breivega, dikt av Eigil Lehmann, romanar, dikt, og folkeminnebøker av mange andre bokskrivarar! Bed um utførleg boklista!

Norsk Bokreidingslag

Postboks 684 – 5807 Bergen
Tlf. 55 30 18 99 Faks: 55 32 03 56 Postgiro 0809 3918844

ISSN 0800-8647

C-BLAD

RETURTILSKRIFT:
Vestmannen
v/ Kjetil Aasen
Sjølvbyggjarvegen 102
0591 OSLO

Strid um strekar

Den nasjonale uppvakningi i Litauen hadde, som so mange stader elles i Europa, roti si i upplysningstidi på 1700-talet. Med upplysningstidi kom større tru på det ibuande vitet i menneskja. Folkeupplysning og vitskap vart vegar å gå til framgang for land og folk. Johann Gottfried Herder (1744 - 1803), som vart ein fyregangsmann for romantikken, budde eit kast i Baltikum, og med romantikken vart universitetet i Vilnius ein samlingsstad for den sokalla «litauiske rørsla» og eit utgangspunkt for uppdagingi av den litauiske folkekunsten og det litauiske folkemålet hjå den til dessar vanvyrde bondehopen. Heile tidi laut den heimlege litauiske kulturen verje seg mot skiftande russifiseringsåtak frå styresmaktene, og hand i hand med denne striden gjekk ei frigjering frå polsk kultur som heiltupp hadde polonisert adelen og folk med utdaning. Ei frukt av denne frigjeringi var at litauisk mål vart teke i bruk til talemål hjå folk med bokleg daning, og det auka sjølvsagt medvetet um ein sermerkt litauisk kultur.

Det var um å gjera å syne fråstand til polsk kultur for å få sin eigen ut or svevnen. Difor valde til dømes dei litauiske språkrøktarane fyrst på 1900-talet å hente diakritiske teikn frå det tsjekkiske alfabetet åt sitt eige alfabetet, ein liten -v- yver bokstavane z, s og c syner til dei same ljodane der polsk skrift brukar bokstavsamansetjingane rz, sz og cz. Ein annan skilnad er at litauarane ikkje brukar «w» i skrifti si, og det gjer polakkane til fullnads, og samstundes har polakkane diakritiske teikn som er framande i litauisk skrift.

Ulikskapane gjer at det polske mindretalet i Litauen (250 000) og det litauiske i Polen (10-30 000) ikkje fær skrivi namni sine rett i pass og andre offentlege dokument etter sitt eige heimemål. Då statsministrane Algirdas Brazauskas frå Litauen og Jerzy Buzek frå Polen møttest i den litauiske badebyen Palanga tidleg i august, var dei samde um at vansken med ulik skrivemåte av namn var ei av dei sakene dei kunde finne ei løysing på under det breide toppmøtet i Warszawa den 5. september. Møtet var sett til denne datoen for å gjera krus på tiårsdagen for uppattnyingi av det dipolmatiske sambandet millom dei tvo statane. Men då dagen kom, såg historikarar mykje lenger attende og mintest dei ærerike dagane til det polsk-litauiske samveldet frå det sekstande til det attande hundradåret.

Alt i 1994 hadde polakkane kravd at polske namn i Litauen skulde skrivast etter polsk gjerd, noko litauarane sette seg stadbeint imot. No vart namnesaki fyrebudd av embetsmenn, og åt den polske motparten sin, Wojciech Tycinski, hadde Remigijus Motuzas med seg eit framlegg som halvveges møtte det polske kravet. Det gjekk ut på at polsktalande litauarar skulde få bruke «w» i namni sine, at bokstavsamansetjingar som sz osb. skulde vera lovlege, men elles ikkje dei serskilt polske diakritiske teikni.

Dette var ikkje godt nok for Tycinski. Han viste til at den litauisktalade historikaren i Polen, Bronislaw Makowski, no fritt kunde skrive den litauiske formi av namnet sitt, Bronislovas Makauskas. - Det var berre avdi namnet ikkje inneheldt litauiske diakritiske teikn, svara Motuzas. - So karane vart ikkje samde um noko framlegg for toppmøtet. I namnesaki vart soleis ikkje toppmøtet noko framhald av unionen i Lublin i 1569 millom Polen og Litauen som historikarane tenkte seg attende åt, heller eit framhald av ein hundrad år gamal målstrid.

Arne Horge

Snakk med oss
om plassering

KREDITKASSEN

Godt sagt:

Krig avgjer ikkje kven som hev rett, berre kven som vert att.

Bertrand Russell
(1872-1970)